



Slik såg skyttarane ut frå 1880 og fram til siste verdskrig. Bak kostyma ser vi frå venstre: Knut Espen Maurset, Ingebrigt Fænn, Vigdis Sætren, Håvard Maurset, Per Ove Kjøs, Nils Myrvang og Fritjof Nyhammer.



Desse ungdomane skildra eit styremøte i 1905, der det i følge protokollen vart servert drikke og mat i forholdet 4:1. Frå venstre: Sissel Flore, Bente Flore, Linda Renate Myrvang, Torbjørn Hatledal, Vegar Sætren Bøe, Elise Kroken, Katrine Solvik, Inger Lise Bøe og Marita Sætren Bøe.



Rasmus Guddal (t.v.) og Jarle Tvinneim flankerer tre personar som har lagt ned eit stort arbeid for Markane Skyttarlag: Andreas Solvik, Peder Hatlelid og Jan Øen.

Markane Skyttarlag – samlingspunkt gjennom 125 år



Svein Sindre hadde funne fram interessante ting frå lagsprotokollane.

130 personar – bygdefolk og inviterte gjester – feira laurdag 125-årsjubileet til Markane Skyttarlag. På programmet stod gjenopning av 600- og 800-metershalda, historisk attersyn og presentasjon av korleis våpen og antrekk har utvikla seg frå 1880 og fram til i dag. Høgdepunktet på festen var utnemning av æresmedlemene Peder Hatlelid og Odd Øen. -Markane Skyttarlag har gjennom 125 år vore samlingspunkt i bygda, fastslo Jarle Tvinneim, lagsleiar og styremedlem i Det Frivillige Skyttervesen.

Harald Vartdal

Jubileumsfeiringa på Sindre starta med at samlagsleiar Rasmus Guddal og veteranen Peder Hatlelid fekk æra av å gjenopne dei gamle halda på 600 og 800 meter. Treffpunktet vart anvisst på storskjerm. Betre illustrasjon på korleis skyttesporten har utvikla seg, gjekk det knapt an å få.

Fellesskap og samhold

Jarle Tvinneim ønskte velkommen til festen som vart halden i den praktfulle "Hatlelid-parken" på Sindre. -Skyttarrolla er nest største organisasjon i Norge. Her i Markane har skyttarlaget vore samlingspunkt gjennom 125 år. For meg personleg var det ei stor oppleving å sjå dei gamle 600- og 800-

metersgravene som representerer fagarbeid av høg kvalitet. Sjølv om det har vore ei enorm utvikling sidan desse vart bygde og fram til dagens elektronikk, står skyttesporten for same verdiane – fellesskap og samhold, understreka leiaren av Markane Skyttarlag og styremedlem i Det Frivillige Skyttervesen.

Styremøte anno 1905

Matias O. Lunde hadde rekonstruert eit styremøte i Markane Skyttarlag anno 1905, der ungdomar frå bygda spelte rollene til sine forfedre. Mellom anna fekk vi høyre utdrag frå talen som Knut Hatledal heldt til heidersmannen Anders Flore.

Fellesskap og diktlesing

Fellesskapet Marita Sætren Bøe og

Marte Brendefur stod for det musikalske innslaget. Arvid Dybevoll framførte Audun Aarheim si humoristiske skildring frå hans mislukka forsøk på å døyve kneskjelven med ein "knert" før skyting.

Helsingar og utdelingar

Rasmus Guddal, leiar i Nordfjord Skyttarlag, overrekte diplom frå Det Frivillige Skyttervesen. Han hadde også med utmerkingar til tre personar som har gjort stor og langvarig innsats: Andreas Solvik, Jan Øen og Peder Hatlelid. Guddal nytta samstundes sjansen til å takke Jarle Tvinneim for måten han representerer Vestlandet i DFS-styret. Det vanka elles påskjoning til første kvinnelege styremedlem i Markane Skyttarlag, Inge Marie Svingseset og Britt Øen Hallbrend som utforma logen til laget.

Historisk attersyn

Svein Sindre gav interessante smakebitar på aktiviteten gjennom 125 år. Han refererte m.a. ei lagsskyting på Småskora, der honndøler og markarar møttest for å avgjere kven som var mest treffsikre. Ved å lese mellom linjene, var det lett og forstått at forbrødringane i grensefjellet mellom Hornindal og Markane baud på meir

enn skyting... Sindre avslutta med å rette stor takk til Peder Hatlelid for måten han har stelt det praktfulle anlegget.

Æresmedlemar

Styret i Markane Skyttarlag har bestemt at vi i samband med jubileet skal utnemne to æresmedlemar. Det er lenge sidan sist det skjedde, sa Jarle Tvinneim før han kalla fram Peder Hatlelid og Odd Øen. Til ståande applaus fekk dei to veteranane tildelt diplom, vikingfigur og blomster.

Gåver og helsingar

Under festmiddagen vanka det ei rekke gåver og gratulasjonar til jubilarane. Arne B. Berge helsa frå Stryn kommune, Lars Ola Hjelbakk frå Hornindal kommune, Sigurd Muldsvor frå Hornindal Skyttarlag, Bjarne Skrede frå Rand Skyttarlag, Frode Fagerli frå HV 11, Rasmus Guddal frå Nordfjord Skyttarsamlag, Bjarne Haugenes frå Vestlandske krets av KFS, Liv Flore frå Markane Ungdomslag og Per Øen frå Markane Idrettslag og Ytre Markane Ungdomslag. Dei to sistnemnde laga hadde i fellesskap gått til innkjøp av nytt premieskap som skal stå på skyteanlegget.



Uniformskledde Knut Espen Maurset stilte med eldste geværet – kammerladaren tilhøyrende Knut Hatledal. Her blir han presentert av programleiar Paul Hatledal.



Marita Sætren Bøe (t.v.) og Marte Brendefur stod for det musikalske innslaget.



Rasmus Guddal (t.v.) og Peder Hatledal fekk æra av å gjenopne halda på 600 og 800 meter. Begge imponerte med treff som låg langt inn mot "svarten".



Eit utsnitt av dei 130 som deltok på festen. På telveggen heng fana til Markane Skyttarlag.